

# Tillitsvald- Handboka



**For tillitsvalde studentar ved Høgskulen i Volda 22-23**

# Innhold

Intro

<b>1</b>	<b>Rolle og oppgåver som tillitsvald</b>	<b>s. 4</b>
	Rolle .....	s. 4
	Oppgåver .....	s. 5
	Kvalitetsutval .....	s. 6
<b>2</b>	<b>Handtering av saker</b>	<b>s. 7</b>
	Køyreregler for handtering av saker .....	s. 7
	Nyttige hjelpetilbod og støttefunksjonar .....	s. 8
<b>3</b>	<b>Litt om høgskulen og SiVolda</b>	<b>s. 10</b>
	Kort om Høgskulen .....	s. 10
	Kven er kven på Høgskulen .....	s. 11
	Kort om Studentsamskipnaden – SiVolda .....	s. 12
	Studiebarometeret og SHoT-undersøkelsen .....	s. 13
<b>4</b>	<b>Engasjere deg meir?</b>	<b>s. 14</b>
	Studentparlamentet .....	s. 14
	Utval ved HVO .....	s. 15
	Fadderveka .....	s. 15
	Rokken og Studentsamfunnet .....	s. 15
<b>5</b>	<b>Fordelar med å vere tillitsvald</b>	<b>s. 16</b>

# Gratulerer med verv som tillitsvald!

Du har no tatt på deg ei ansvarsfull oppgåve. Å vere tillitsvald betyr at du blir ein viktig kontaktperson for dine medstudentar på kullet, særleg når det gjeld klassemiljø, studiekvalitet og samarbeid mellom studentar og faglege tilsette. Du er ein del av studentdemokratiet ved Høgskulen, og bidreg til eit godt studiemiljø. Du blir også medlem i kvalitetsutvalet på ditt studium, der du bidreg til å evaluere og forbetra studiet, og sikre studentane det dei har krav på.

Som tillitsvald er du ein del av grunnfjellet i studentdemokratiet. Du er talerøyr for kullet ditt, og kan formidle studentane sine interesser, rettar og synspunkt til dei som tek avgjersler på ulike nivå ved Høgskulen. Tillitsvaldordninga er lovfesta i Universitets- og Høyskoleloven §4, og ikkje minst derfor, er det ein viktig jobb du gjer!

Lytt til medstudentane dine, og hjelp oss til å gjere studietida her i Volda uforgløymeleg! Stikk gjerne innom Studentparlamentet sitt kontor på BK, eller ta kontakt med oss på mail eller tlf. om du har spørsmål.

Vi gler oss til å samarbeide med deg for å gjere Volda til ein endå betre studiestad!

Beste helsing arbeidsutvalet i Studentparlamentet 22-23



F.v. internasjonalt ansvarleg Ammy Bolme, velferdsansvarleg Andrine Kompen, leiar Trond-Fredrik Hagemann Hoddevik, informasjonsansvarleg Severine Riise Eidem, fagansvarleg Leander Prag Sømme.

# Del 1

## Rolle og oppgåver som tillitsvald

### Di rolle som tillitsvald

Som tillitsvald er du Studentparlamentet og Høgskulen sin kontakt og bindeledd ut til enkeltstudentane. Du fangar opp ting som rører seg på kullet ditt, og talar deira sak i møte med Høgskulen. Dei tillitsvalde gjer det lettare for oss å halde kontakten med studentane på dei ulike studia. Slik kan vi lettare få auge på og ta tak i eventuelle utfordringar som måtte oppstå.

Det er viktig at du som tillitsvald har tillit hos dine medstudentar, og tek vervet seriøst. I rolla som tillitsvald har du teieplikt. Det du måtte få vite av sensitiv personinformasjon skal ikkje delast med uvedkomande.

Som tillitsvald har du krav på gyldig fritak frå undervisning dersom du deltek i møter tilknytt vervet som kolliderer med undervisninga di. Du kan også få attest ved endt verv.

Vervet varer eit studieår.

**«Som tillitsvald tek du vare på studentane sine interesser og rettar i møte med Høgskulen»**



## Dine oppgåver som tillitsvald

Den viktigaste oppgåva for deg som tillitsvald er å vere talerøyr for kullet ditt. Konkret vil det seie:

- Du blir **medlem i kvalitetsutvalet på studieprogrammet**, og tek med tilbakemeldingar frå dine medstudentar inn i arbeidet der knytt til evaluering og kvalitetssikring av studia. Kvalitetsutvala har 1-2 møte per semester.
- Du deltek på **allmøter for tillitsvalde** to gongar i semesteret, som Studentparlamentet arrangerer. Her blir det gitt opplæring i vervet, delt informasjon, tatt opp relevante tema og utveksla erfaringar på tvers av studium.
- Du bidreg til at de innimellan får gjennomført **klassens time** eller tilsvarende, slik at de får drøfta evt. problemstillingar, delt info og synspunkt du kan ta vidare til t.d. kvalitetsutval og allmøter for tillitsvalde.
- Du **melder ifrå om det skulle oppstå problem eller manglar på studiet**, uklarheit eller uønskte situasjonar i til dømes undervisning, timeplanar, eksamen, lovfesta studentrettar eller anna som berører ditt studium.
- Du medverkar til **god informasjonsflyt** mellom Høgskulen, Studentparlamentet og kullet ditt, og bidreg til å sikre god deltaking i evalueringar og undersøkingar for studentane ved HVO.
- Annakvart år er det eit dialogmøte mellom Læringsmiljøutvalet (LMU) og avdelingane. Du møter dersom dette finn stad det året du er tillitsvald.
- Om du ønskjer det, kan du **ta initiativ til sosiale aktivitetar** for klassen/kullet gjennom semesteret. Dette er ikkje eit krav, men er noko mange studentar set pris på. Eksempel kan vere:
  - Felles søndagstur rundt Rotevatnet
  - Gå saman på eit arr. på Rokken eller møtest på Rokken kafé
  - Ta initiativ til juleavslutning
  - Felles lunsj i kantina ein fast dag i månaden

## **Kvalitetsutvalet på studieprogrammet**

Som tillitsvald blir du automatisk med i kvalitetsutvalet på ditt studieprogram. Alle bachelor- og masterprogram har eit kvalitetsutval som jobbar med å evaluere og kvalitetssikre studiet, der studentar frå alle kull/årstrinn er med. I Kvalitetsutvalet sit:

- Studieprogramleiar (leiar utvalet)
- Tillitsvalde studentar (ein studenttillitsvald frå kvart årskull)
- 1-2 faglærarar/emneansvarleg tilknytt studieprogrammet

Kvalitetsutvalet har minimum eitt møte per semester, men vi tilrår å ha to møter i semesteret. Før møta er det viktig at du forhøyrer deg med kullet ditt og tek med deira synspunkt og tilbakemeldingar.

### **«Kvalitetsutvalet er studentane sitt hovudverktøy for å gi tilbakemelding på studiet»**

Kvalitetsutvalet er eit av hovudverktøya du som tillitsvald har for å gi tilbakemelding på studiet og skape forbetring. Bruk det aktivt! Forumet har samstundes som mål at studentar og faglærarar utviklar ei fagkritisk haldning.

På møta blir studie- og emneplanar diskutert, og du kan legge fram synspunkt frå kullet om gjennomføringa av studiet, læringsutbytte, informasjonsflyt, pensum, arbeidsmåtar, kvalitet på førelesningar, praksis, eksamen osv. Forslag til forbetringar skal alltid vere velkomne. Ta gjerne også med positive sider og kva klasen har sett pris på ved emnet som bør vidareførast.

Kvalitetsutvalet handsamar også rapportar frå emne og studieprogram. Referata frå møta i kvalitetsutvalet skal gjerast tilgjengeleg for studentane.

## **Avdelingsråd**

Som tillitsvald kan du også bli vald som representant til avdelingsrådet som studiet ditt høyrer til. Avdelingsrådet har eitt møte i semesteret, og har i oppgåve å gjennomgå avdelingsrapportar og evalueringar av studieprogramma på avdelinga på eit meir overordna nivå.

# Del 2

## Handtering av saker

### Køyreregler for handtering av saker

Om medstudentar kjem til deg med utfordringar, synspunkt eller saker dei ønskjer å gå vidare med, er det ikkje alltid like lett å vite korleis ein skal gå fram. Då kan desse enkle køyrereglane vere til hjelp.

- 1.** Finn ut om saka vedkjem ein student eller fleire. Gjeld det heile kullet? Kva slags moglege løysingar kan det vere på saka? Kva vil vere mest ønskjeleg løysing?
- 2.** Finn ut kvar saka hører heime. Er det ei relevant sak å ta opp i kvalitetsutvalet? Er det ei klagesak? Er det ein systemfeil? Handlar det om studentrettar og lovverk? Er det ei praktisk/administrativ sak? Sjå på oversikta på neste side for hjelpefunksjonar for ulike saker.
- 3.** Prøv alltid å løyse sakene på lågast mogleg nivå. Om det er ei fagleg sak, kan ein samtale med emneansvarleg vere ein god start.
- 4.** Dokumenter saka best mogleg. Skriv ned ein logg/tidslinje på det som har skjedd, og skriv referat frå viktige samtalar eller møter. Ta vare på e-postar og andre dokument.
- 5.** Det er ikkje alle saker du som tillitsvald kan eller skal gå inn i. Om medstudentar kjem til deg med ei meir privat sak, som t.d. mobbing, trakkassering eller psykisk uhelse, kan du vise til «sei ifrå»-systemet eller formidle info om ulike hjelpefunksjonar som finst ved HVO.
- 6.** Ta kontakt og meld inn saka til oss om du er i tvil og treng hjelp. Det er ikkje meiningsa at du skal stå åleine i krevjande saker. Vi er her for å hjelpe!

### Meld inn saker til Studentparlamentet

Du melder enkelt inn saker til Studentparlamentet ved å fylle ut nettskjemaet som ligg på sida for tillitsvalde: [www.hivolda.no/studentparlamentet/tillitsvalde](http://www.hivolda.no/studentparlamentet/tillitsvalde)

Då vil vi i AU ta kontakt, hjelpe deg å sortere i saka og gi råd om korleis du kan gå fram. Kanskje er det ei sak parlamentet bør jobbe vidare med for å skape varig endring. Så vi hører veldig gjerne frå deg!

### Erfaringsutveksling

Nokre saker er relevante for studentar på fleire studium. Allmøta for tillitsvalde er ein arena å utveksle erfaringar og forhøyre seg om korleis ting fungerer på andre kull, studium eller avdelingar. Bruk gjerne nettskjemaet også til å melde inn saker du har lyst til å drøfte med andre tillitsvalde på allmøta.

# Nyttige hjelpetilbod og støttefunksjonar

Her er ei lita oversikt over nokre av tilboda og funksjonane du kan få bruk for i vervet som tillitsvald.

## Studentombodet

Studentombodet er ein nøytral og uavhengig instans som gir juridisk vegleiing til studentar om rettar og plikter, rettleiing i korleis du kan gå fram i ei sak, eller korleis skrive klager. Studentombodet kan sjå til at ei sak blir forsvarleg handsama, og kan vere ein nøytral part i møte mellom studentar og tilsette.

### Stikkord

lover og rettar · undervisning og eksamen · juridisk bistand

### Kontakt

[studentombodet@hivolda.no](mailto:studentombodet@hivolda.no)

## «Sei ifrå»

Sei ifrå-systemet vart oppretta i kjølvatnet av Metoo, og er eit meldesystem der studentar kan melde ifrå om dei skulle oppleve ugreie situasjonar, mobbing, trakassering, grenseoverskridande åtferd frå tilsette eller medstudentar eller anna.

Sakene vil bli handsama konfidensielt av anten studentrådgjevar i Studentsamskipnaden eller studiedirektør ved Høgskulen, og namnet ditt går ikkje vidare til den varselet gjeld utan ditt samtykke.

### Stikkord

varsel · ugreie hendingar · mobbing · trakassering · tillitsbrot

### Kontakt

Du finn «sei ifrå»-funksjonen oppe til høgre på framsida på nettsidene til Høgskulen i Volda:

[www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/sei-fra](http://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/sei-fra)

## Samtaletilbod

Møter du medstudentar som treng nokon å snakke med? Høgskulen har fleire lågterskel-tilbod for dette:

**Studentrådgjevar i SiVolda** Eli Anne Løksa  
**Studenthumanist** Lone Knutsen  
**Studentprest** Ruth Eva Sollie

Med desse kan du sortere tankar og snakke om vanskelege ting i livet og studielivet. Dei kan også vise deg vidare i hjelpeapparatet dersom du treng tettare helsemessig oppfølging.

### Stikkord

Samtalepartnar · relasjoner · trivsel · studietid · sorg · eksistensielle spørsmål · lågterskeltilbod · psykisk helse

### Kontakt

[www.hivolda.no/studentliv/studentvelferd](http://www.hivolda.no/studentliv/studentvelferd)

## Tilrettelegging

Møter du studentar som lurer på moglegheiter, rettar og søknadsfristar når det gjeld særskilde behov for tilrettelegging av studiet? Det kan handle om alt frå dysleksi, allergiar, sjukdom, svangerskap, funksjonsnedsetting m.m. Då kan du vise dei til rådgjevar Ingunn T. Blindheim på **Studentsørvis**.

### Stikkord

tilrettelegging av undervisning · eksamen · særskilde behov

### Kontakt

[www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/tilrettelegging](http://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/tilrettelegging)

## Studentsørvis

Skranken på Studentsørvis på BK er open kvar dag mellom 9-15, og kan hjelpe deg å finne fram til rette vedkomande, og elles svare på dei fleste administrative spørsmål som måtte dukke opp knytt til studiet. Vegg i vegg, ligg **IT-hjelpa**.

### Stikkord

Finn fram på HVO · administrativ hjelpe · finn rett tilsett

### Kontakt

[studentsorvis@hivolda.no](mailto:studentsorvis@hivolda.no)  
IT-hjelpe: [5400@hivolda.no](mailto:5400@hivolda.no)

## Sikresiden.no og «trygg student»

På sikresiden.no finn du både førebyggjande informasjon, og info dersom uhellet er ute. Ved å nytte nettspela «trygg fadder» og «trygg student» (last ned appen «attensi skills»), lærer du på ein artig måte kva du kan gjere i ulike situasjonar knytt til alt frå psykisk helse, sjølvmordsførebygging, personvern, forskingsetikk, samtykke, drikkepress, førstehjelp ++.

### Stikkord

førebygging · e-læring · krisehandtering · mobilspel

### Kontakt

[www.sikresiden.no](http://www.sikresiden.no)

### App

Attensi skills · kodeord:  
Sikresiden · velg tilørighet:  
Høgskulen i Volda

Oktober er  
nasjonal  
sikkerhets-  
måned

Bli med på  
det som skjer  
i sikkerhets-  
måneden!

Lær mer,  
bli bevisst

sikre  
siden  
.no

Høgskulen i Volda har rundt 4500 studentar og nærmere 400 tilsette. Om lag 3000 studentar bur i Volda. I tillegg kjem deltids- og nettstudentar.

Høgskulen består av fire avdelingar.

#### **Humanistiske fag og lærarutdanning**

Ca 2000 studentar  
fordelt på:  
Grunnskulelærar  
Barnehagelærar  
Språkfag  
++

#### **Samfunnssfag og historie**

Ca 1300 studentar  
fordelt på:  
Sosionom  
Barnevern  
Samfunnsplanlegging  
Historie

#### **Mediefag**

Ca 550 studentar  
fordelt på:  
Journalistikk  
Pr og kommunikasjon  
Medieproduksjon  
Animasjon

#### **Kulturfag**

Ca 600 studentar  
fordelt på:  
Musikk  
Teater  
Design, kunst og handverk  
Idrett og friluftsliv



Høgskulen i Volda er ein frittståande høgskule, og har ein styringsmodell med valt rektor. Det er rektoral val kvart fjerde år, der alle studentar og tilsette har stemmerett. Neste rektoral val skjer i inneverande studieår.

Høgskulestyret er det høgste organet ved Høgskulen, der rektor er styreleiar. Høgskulestyret består av både tilsette og eksterne representantar, samt to studentrepresentantar. Dei to blir valde gjennom direkteval kvar haust, der alle studentar både har stemmerett og kan stille til val.

# Del 3

## Litt om Høgskulen og SiVolda

### Kven er kven på Høgskulen?

Det kan vere krevjande å finne fram i ein stor organisasjon som Høgskulen er. Det er viktig å forsøke å løyse saker på rett, og gjerne lågast, nivå. Her er ei liste med sentrale funksjonar og kvar dei hører heime i hierarkiet.

**Høgskulestyret:** øvste beslutningsorgan ved Høgskulen

**Rektor:** øvste faglege leiar ved Høgskulen, styreleiar og ansikt utad

**Prorektor:** rektors stadfortredar, med særleg ansvar for studiekvalitet

**Høgskuledirektør:** øvste administrative leiar for Høgskulen

**Studiedirektør:** stilling under Høgskuledirektøren. Leiar for studieadministrasjonen, og har ansvar for evaluering av studietilboda i samarbeid med dekan/avdelingane.

**Fellesadministrasjonen:** alle fellesfunksjonar som bibliotek, økonomi, personal, eigedom, it, kommunikasjon, studieadm. osv. Dei fleste på BK.

**Dekan:** Øvste leiar på kvar avdeling.  
(Avdelingane ved Høgskulen tilsvarer eit universitets fakultet).

Dei fire dekanane våre, som er leiarar for avdelingane, sit på åremål.

**Instituttleiar:** institutta ligg under avdelingane, og blir leia av ein instituttleiar.

Eit institutt er ei intern organisering av dei tilsette i ulike fagmiljø. Kvar avdeling består av fleire institutt.

**Studieprogramansvarleg:** er leiar for eit studieprogram, med ansvar for fagleg innhald og kvalitet.

Institutta har alt frå null til mange studieprogram tilknytt seg. Alle studieprogram hører til på eit institutt.

**Emneansvarleg:** fagleg ansvarleg for eit emne innanfor eit studieprogram.

**Faglærar:** underviser i eit fag/emne utan nødvendigvis å vere emneansvarleg.



**HØGSKULEN  
I VOLDA**





## STUDENTSAMSKIPNADEN I VOLDA

Studentsamskipnaden i Volda – SiVolda – er velferdsorganisasjonen for alle studentar i Volda, og er til for at du skal ha ein så trygg og god studiesituasjon som mogleg. Administrasjonen ligg i Elvegata 24. SiVolda tilbyr og driftar:

- Heile 620 studentbustader
- Kantina på BK
- Studenthuset Rokken
- Rokken Kafé
- Røysmarka Studentbarnehage
- Studentrådgjevar
- Helsestasjon for ungdom og studentar saman med kommunen
- Psykologisk helseteneste
- Helsefond for refusjon av enkelte helseutgifter, tannlege og optikk
- Økonomisk støtte til studentorganisasjonar

SiVolda er ein ideell organisasjon, og alt overskotet går tilbake til studentane for å vidareutvikle studenttilbodet. Studentane har fleirtal i styret, og om du vil vere med og utvikle SiVolda vidare, kan du stille til val kvart år i mars!

STUDENT  
SAMSKIPNADEN  
I VOLDA



## **Studiebarometeret og SHoT-undersøkelsen**

Ei oppgåve du har som tillitsvald, er å formidle informasjon til ditt årskull, og særleg viktig er det å minne medstudentar på å delta i enkelte sentrale undersøkingar som blir gjennomført blant studentmassen med jamne mellomrom. Dei to mest sentrale er Studiebarometeret og SHoT-undersøkelsen. Ein høg svarprosent på desse, vil bidra til at du og dine medstudentar på sikt kan få eit endå betre studieløp.

### **Studiebarometeret**

Studiebarometeret er ei nasjonal spørjeundersøking gjennomført av NOKUT (nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga). Den går kvart år ut til alle landets 2. og 5. års-studentar, som utgjer over 70 000 studentar.

Statistikk frå denne undersøkinga er viktig både internt på Høgskulen og på landsbasis.

Undersøkinga gir eit bilet av korleis studentane sjølv opplever studiekvaliteten på sitt studium. Dermed kan ein samanlikne studium på tvers av studiestadar, og følgje utviklinga til eit studium over tid.



**STUDIEBAROMETERET**

### **SHoT-undersøkelsen**

SHoT-undersøkelsen (studentenes helse og trivselsundersøkelse) er den største undersøkinga av studentars psykiske helse i Noreg, gjennomført av Studentsamskipnaden saman med Folkehelseinstituttet kvart 4. år.

Den dekkjer spørsmål som psykisk helse, bustad, økonomi, sosiale forhold, rus, fysisk aktivitet, mediebruk m.m.

Resultata gir eit viktig bilet av korleis studentar i Noreg har det, og kunnskapsgrunnlaget den gir, blir nytta både i forsking og av nasjonale myndigheter for å forbetre studentars levekår.

**SHOT**  
|||

# Del 4

## Engasjere deg meir?

Studietida i Volda blir berre betre av å engasjere seg! Du har mange kanalar å påverke og gjere studiekvarden endå betre for deg og dine medstudentar. Slik kan du utgjere ein forskjell for deg sjølv og andre.

### Still til val i Studentparlamentet!

Studentparlamentet er studentdemokratiet ved HVO. Her kan du diskutere studentpolitiske saker, forbetre læringsmiljøet og bidra til betre studentvelferd. Som aktiv i parlamentet får du også tilbod om å delta på nasjonale kurs og konferansar, og bli kjend med andre engasjerte studentar.

Parlamentet er bygd opp slik:



#### 5 studentar i Arbeidsutvalet (honorerte verv)

- Dagleg leiing, førebur og følgjer opp saker
- Faste møter kvar veke
- Val i april for komande studieår

#### 11 representantar + 11 varaer i Studentparlamentet

- Sett saman av representantar frå alle fire avdelingane ved HVO
- Val i september. Alle studentar kan stille!
- Vedtek parlamentet sin politikk, avgjer saker og tek beslutningar på vegner av studentane i Volda
- Møter ein gong i månaden

#### Ca 60 tillitsvalde på studieprogram

- Dei tillitsvalde utgjer grunnfjellet i studentdemokratiet
- Spelar inn saker, sit i kvalitetsutval og deltek på allmøter 2 gongar i semesteret

**Val til Høgskulestyret** skjer ved direkteval kvar haust, der alle studentar har stemmerett. Still som kandidat, og ikkje gløym å bruke stemmeretten din. Det er ikkje utan betydning kven som representerer studentane i Høgskulen sitt øvste organ! Vervet er honorert.

## Bli med i Høgskulen sine utval

På første parlamentsmøte i oktober, vel parlamentet studentrepresentantar til ei rekkje utval ved HVO, der studentar skal vere representert:

- Utdanningsutvalet
- Internasjonalt utval
- Læringsmiljøutvalet
- Tilsetjingsutvalet for faglege stillingar
- Forskingsutvalet
- Klagenemnda
- Skikkanemnda
- Valstyret

Utvala har beslutningsmynde i mange saker, og handsamar også saker før dei går vidare til Høgskulestyret. Nemndene handsamar klager, skikka- og fuskesaker. Verva i utvala og nemndene er honorerte, og som studentmedlem har du krav på gyldig fråvær om møta kolliderer med undervisninga di.

**Val til styret i SiVolda** føregår på parlamentsmøtet i mars. Studentane har fleirtal i styret, og kan gjennom styrearbeidet forme velferdstilbodet i samskipnaden til beste for studentane i Volda. Vervet er honorert.

## Bli med å arrangere Fadderveka

Vi treng kvart år engasjerte studentar til styret for Fadderveka som kan skape ein magisk start for nye (og gamle!) studentar i Volda. Det er positivt om du har festival-erfaring frå tidlegare. Styreverva i Fadderveka er honorerte, og søknadsskjema for neste års styre blir lagt ut på nettsidene her:  
[www.hivolda.no/studentliv/fadderveka](http://www.hivolda.no/studentliv/fadderveka)

Her kan du også melde deg som fadder.



## Engasjer deg på Rokken og Studentsamfunnet

Ingenting er som å vere frivillig på Rokken! Som del av crewet, jobbar du eit par vakter i månaden, og får du erfaring med å drifta ei konsertscene. Du kan jobbe med bar/kafé, vakt, teknisk, pr, DJ, kvissmaster m.m. Du kan også bli med i styret for Studentsamfunnet, som er dei som organiserer dei frivillige og driftar Rokken saman Rokken si leiargruppe. Som premie får du gratis inngang på ei rekkje konserter, og blir kjent med masse kjekke folk!



# Fordelar med å vere tillitsvald

Det er viktig for Høgskulen å ha engasjerte tillitsvalde som kan fremje studentperspektivet og ta ei aktiv rolle i studentkvardagen. Vårt mål er at vervet også skal vere lærerikt, gjevande og kjekt! Gjennom vervet kan du få:

## **Verdifull erfaring**

Tillitsvalde får verdifull erfaring ved å jobbe med tillitsvaldarbeid. Du får innblikk i korleis høgskulen fungerer, lærer om studentrettar, saksgang og problemløysing, og erfaring i å kontakte autoritetspersonar på ein profesjonell måte.

## **Ein god attest**

Etter avslutta verv kan du få attest for arbeidet, noko som kan telje positivt til dømes ved seinare jobbsøking.

## **Bidra til å utvikle Høgskulen**

Ved å jobbe aktivt med og for studentane sine interesser og rettar, bidreg du til å vidareutvikle Høgskulen og forbetra studiekvardagen.

## **Eit sosialt nettverk**

Ved å vere tillitsvald, kan du knyte kontaktar på tvers av studieretninga di. Du kan dele erfaringar og bli kjend med andre likesinna studentar.

## **Lurer du på noko? Har du innspel eller ein god idé?**

Studentparlamentet sine kontor ligg ved kantina i 1. etasje på Berte Kanutte. Vår arbeidsoppgåve er å sikre at din studiekvardag blir best mogleg, så ta gjerne turen innom, eller kontakt oss på mail eller telefon.

Telefon: 70 07 51 51

e-post: [studentparlamentet@hivolda.no](mailto:studentparlamentet@hivolda.no)

**STUDENT**

**PARLAMENTET**

VED HØGSKULEN I VOLDA